

Saksbehandlar: Jan Tore Rosenlund, Bygge- og eigedomstenesta
Sak nr.: 18/6095-1

Gulatinget Visningscenter - intensjonsavtale

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner framlegg til intensjonsavtale for visningscenter på Gulatinget
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen

Vedlegg:

Framlegg til intensjonsavtale

SAKSFRAMSTILLING

1. Tusenårsstaden og historia

Stortinget fatta i 1997-98 vedtak om at overgangen til år 2000 skulle markerast med at kvart fylke peika ut sin tusenårsstad. I FT-sak 51/99 vart Gulatinget valt som fylket sin tusenårsstad. Tusenårsstaden framstår i dag som ein offentleg park og kulturarena med Bård Breivik sine kunstinstallasjonar.

Parken vart opna 27.08.05 til minne om det største regionaltinget i Noreg i mellomalderen. Tingsamlingane i mellomalderen representerer ein sær s viktig del av vår nasjonale historie. Gulatinget gav oss vår første lov-samling – Gulatingslova – som er den eldste kjende lovsamlinga i Norden. Tinget er difor utgangspunktet for at landet utvikla seg til ein rettsstat. Tingsamlingane i mellomalderen er det historiske opphavet til vårt moderne demokrati. Historia knytt til Gulatinget er difor av stor nasjonal verdi. Formidling av denne historia må difor gå føre seg i rammer som står i forhold til den tyding Gulatinget har hatt.

2. Eit nytt visningscenter

Tusenårsstaden Gulatinget skal vere ein plass for formidling av historia knytt til Gulatinget. Vi ynskjer difor å etablere eit visningscenter på Tusenårsstaden Gulatinget, som skal løyse formidlingsbehovet knytt til denne institusjonen. Eit nytt visningscenter bør legge til rette slik at det løyser ulike behov. Bygget skal ikkje berre nyttast til formidling retta mot grupper og einskildpersonar, men må og kunne nyttast til konferanse, kino, og anna relevant kulturformidling. Det vert difor lagt opp til å etablere eit fleirbruks visningscenter som kan fungere som eit kommunalt og regionalt kulturbygg. På denne måten kan ein nytte ulike formidlingsteknikkar i formidlinga, samstundes som bygget også kan nyttast til ulike kulturarrangement, eller som supplement til den historiske formidlinga.

Fylkestinget handsama i FT-sak 47/06 Utviklingsplan for tusenårsstaden Gulatinget. Her er eit visningscenter eit sentralt tiltak som vert skissert for den vidare utviklinga av staden. Det vart etablert ei styringsgruppe som fekk utarbeidd romprogram for prosjektet. Dette saman med fylkeskommunen si rolle i prosjektet vart handsama i FT-sak 33/10.

Fylkestinget har seinare sett av midlar til plan- og design-konkurranse og skisseprosjekt. Dette vart gjennomført i 2011 og 2012. Det kom inn totalt 44 ulike forslag. Etter ei evaluering (eigen jury) vann prosjektet «Gjennom skaret» av Arkitektgruppen Cubus AS konkurransen. Prosjektet vart så vidareført med utarbeiding av eit enkelt skisseprosjekt der ein såg nærare på funksjonar, tekniske løysingar, kalkyle, osv.

Etter dette har prosjektet lege utan spesiell aktivitet, då det frå fylkeskommunen si side har vore prioritert etter museumssatsinga med eit nytt magasin-, formidlings- og administrasjonsbygg i Movika. Prosjektet var til vurdering i FT i desember 2012, jf. FT-sak 60/12, men fekk ikkje prioritet i påfølgjande økonomiplan.

Prosjektet er no teke fram att i samband med investeringsprogrammet for bygg i økonomiplan 2018-21, jf. FT-sak 59/17.

Det er no skissert ei målsetting om at ein i løpet av 2018 gjer ein gjennomgang og oppdatering av føresetnader, løysingar og dei økonomiske vurderingane i prosjektet. Det er planen å få gjort dette gjennom eit forprosjekt som og kan være grunnlag for søknad om statleg medfinansiering (2019).

3. Forvaltning og drift

Forvaltning, drift og utvikling av tusenårsstaden er regulert i ein samarbeidsavtale mellom Gulen kommune og fylkeskommunen. Det er dessutan etablert ei styringsgruppe med politisk og administrativ deltaking frå dei to partane til å fylgje opp det daglege arbeidet.

I arbeidet med etablering av eit nytt visningsbygg, er det føresett at kommunen og fylkeskommunen er likeverdige eigarpartar. Arbeidsfordelinga i det vidare arbeidet er tenkt slik at fylkeskommunen primært står som ansvarleg for oppføring av bygget og kommunen primært står ansvarleg for innhald og drift.

4. Oppsummering - Intensjonsavtale

Det er ein god dialog med kommunen i saka, men for å klargjere vilje, arbeidsfordeling og oppgåver i prosjektet tilrår fylkesrådmannen at det vert signert ein intensjonsavtale mellom partane, sjå vedlegg. Denne vil gjelde inntil endeleg vedtak om realisering og det ligg føre ein avtale om eigartilhøve, finansiering og drift.

Det er ein føresetnad i avtalen at fylkestinget må slutte seg til å vedta ei slik utbygging når prosjektgrunnlaget og planen for finansiering av investering og drift ligg føre.